



Leiargruppa i Kvinnherad Turlag samla til møte og sommaravslutning på Bøkkerkaien

**Med vakkert ver og fine kveldar er Bøkkerkaien på Rød godt eigna til samlingar for personalgrupper, lag og organisasjonar.  
I kveld hadde leiargruppa i Kvinnherad Turlag møte og sommaravslutning på Rød.**

Styret for Bygdetunet Rød er godt nøgd med at Bøkkerverkstaden og kaien vert brukt til ulike føremål. Aktivitetar og ulike tiltak fortel om eit levande museum der ein får synt fram samlingane i eit autentisk miljø. Den nye eigaren på gardsbruket har hogge ned tett skog, rydda og stelt fint til. Dette gjer at sola kjem til og landskapet er meir ope.

Dersom nokon ynskjer å bruka plassen, må ein melda frå til Kristian Bringedal på mobil 915 31 487

Tekst/foto: Kristian Bringedal  
Nett: Thor Inge Døssland